



Klubbhandbok for Lindås Idrettslag





Klubbinformasjon

Klubbnavn:	Lindås Idrettslag
Stiftet:	1946
Internettadresse:	http://lindaas-il.idrettenonline.no/
Organisasjonsnummer:	975 843 297
Bankforbindelse:	Sparebank1 Vest
Medlem av:	Norges idrettsforbund
Tilknyttet:	Hordaland idrettskrets og Lindås idrettsråd



Innhold

Klubbinformasjon.....	2
1.0 Innleiining.....	5
1.1 Klubbens historie	5
1.2 Verdiar	6
1.3 Visjon	7
1.4 Verksemdsidé.....	8
1.5 Hovudmål.....	8
2.0 Organisasjon	9
2.1 Organisasjonsplan.....	9
2.2 Årsmøtet	9
2.3 Styret	9
2.3 Rollebeskrivelser	11
2.3.4 Utval/komiteer	13
2.4 Ansatte	14
2.5 Honorar.....	14
3.0 Klubbens lov	14
4.0 Medlemskap.....	15
4.1 Medlemskontingent.....	15
4.2 Treningsavgifter	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.3 Startkontingenter – deltakeravgifter	16
5.0 Reklame/sponsoravtaler	16
5.1 Sponsornemnd	17
5.1.1 Beskrivelse og ansvar	17
5.1.2 Metode.....	17
5.1.3 Avtaledokument	18
5.1.4 Fordeling av midlar	18
5.1.5 Innkjøp av drakter	18
5.1.6 Oppfølging av Sponsor.	18
6.0 Klubbens aktivitetstilbod.....	18
6.1 Borne- og ungdomsidrett	19
6.2 Klubbens arrangementer.....	20



6.3 Reise i regi av laget	20
6.3.1 Reiserekning/utlegg - standardskjema:	21
7.0 Dugnad.....	22
7.1 Dugnadsregler i Lindås IL:	22
8.0 Retningslinjer for føresette, verv og utøvarar	23
8.1 For deg som er	23
8.1.1 Utøvar.....	23
8.1.2 Forelder/foresatt	24
8.1.3 Trenar og hjelpetrenar.....	24
8.1.4 Lagleiar (oppmann).....	25
8.1.5 Dommar	26
9.0 Klubbdrift.....	27
9.1 Årshjul	27
9.2 Kurs og utdanning.....	27
9.3 Medlemshandtering	27
9.4 Politiattestar.....	27
9.5 Klubbens antidopingarbeid	28
9.6 Kommunikasjon.....	28
9.7 Sikkerhetsarbeid (HMS)	29
9.8 Økonomi.....	29
9.9 Forsikringer	29
9.9.1 Generelt	29
9.10 Anlegg og utstyr	30
9.10.1 Personlig utstyr, treningsavgift mm:	31
9.10.2 Drakter.....	31
9.11 Utmerkelsar og æresbevisningar	32



1.0 Innleiing

Klubbhandboka skal svare på viktige spørsmåla kring Lindås Idrettslag og gjere det enkelt å finne styrande regelverk. Klubbhandboka skal sikre at det er i samsvar mellom det som er bestemt og det som blir gjort.

Klubbhandboka er laga av styret etter innspel frå trenere, utøvarar og foreldre i klubben. Handboka er eit arbeidsverktøy for alle medlemmer, utøvarar, foreldre, styret, komitear, utval, ansatte, trenere og dommarar i klubben vår.

Handboka skal nyttast til å forstå og kommunisere kva som er viktig i vår klubb, kva klubb me er, kva me skal oppnå, kva me tilbyr, og korleis me gjer ting.

1.1 Klubbens historie

Lindås Idrettslag er stifta i 1946, og har tidleg hatt tilbod som turn og friidrett. Frå 1970 og fram til 90-talet var det desse gruppene, som saman med Fotball (stifta i 1977) var de største i laget. I 1988 var lagets første handballag stifta, og handballaktiviteten auka utover 90- og 2000-talet. Sidan har både sykkel-, klatring-, tur- og idrettskulegruppe vore etablert. Lindås idrettslag har alltid vore eit fleirdrettslag, som betyr mykje for aktivitetstilbodet i bygda.

Det er nokre milepælar som utmerkar seg i Lindås idrettslags historie:

- 1975: Bygging av idrettspark med fotballbane, klubbhus og friidrettsanlegg
- 1997: Opning av grasbana
- 2012: Opning av Lindåshallen med Lindås kommune som eigar
 - o Fleirbrukshall
 - o Trimsal
 - o Styrkerom
 - o Møterom
- 2015: Idrettsparken rehabilitert med Lindås kommune som medeigar og driftsansvarleg.
 - o 11-ar kunstgras
 - o minibane kunstgras
 - o sprintfelt og tekniske anlegg friidrett
 - o fleirbruksområde
 - o Idrettsparken har i tillegg 11-ar naturgrasbane som er eigd og driven av Lindås Idrettslag.





1.2 Verdier

Lindås Idrettslag baserer sin aktivitet på felles vedtekne aktivitetsverdier for norsk idrett:

Idrettsglede, fellesskap, sannferdig og god helse. Klubben vår er driven etter idrettens organisasjonsverdier: Frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. Ut fra fellesverdiane i norsk idrett, har Lindås Idrettslag tydeleggjort kva som skal prege oss og klubben vår. Verdiane beskriver korleis me er og korleis me vil bli.

Lindås Idrettslags egne verdier er:

- I Lindås IL helsar vi når me treffast og tar vare på kvarandre slik at alle trivs best mogleg.
- I Lindås IL skal vi alltid vere høfleg og vise god åtferd.
- I Lindås IL representerer vi klubben på en positiv måte både på og utanfor bana.
- I Lindås IL viser vi respekt for dommarar, motstandarar sine spelarar, trenarar, leiarar, og andre besøkande.
- I Lindås IL tar vi vare på trenings- og kampfasilitetane våre og etterlet dei i den standen vi ønsker å finne dei sjølv.
- I Lindås IL ser vi på gode haldningar hos spelarar, trenarar, foreldre og leiarar som like viktig som sportsleg utvikling og resultat.

ORGANISASJONSVERDIAR:

· *Openheit*

Dette betyr at Lindås Idrettslag skal kommunisere klart og tydeleg til alle, og nå ut med relevant informasjon til de ulike gruppene i idrettslaget. Heimesida skal nyttast til dette. I tillegg skal klubbens verdier og mål vere tydeleg for medlemmene, i dette også kva som forventast av dei ulike rollene i organisasjonen. Lindås Idrettslag skal vere ein demokratisk organisasjon, og ha full openheit med omsyn til avgjerder og avgjerdsprosessar. Alle skal bli sett og høyrte, og samtidig bli gjort kjend med kva som er forventa av dei.

· *Samarbeid*

Dette betyr at Lindås Idrettslag skal ha fokus på samarbeid både internt og eksternt. Internt handlar det om samarbeid på tvers av de ulike gruppene, utnytte kompetanse, og legge til rette for dialog og erfaringsutveksling. Koordinering og prioritering av treningstider, dugnader, ulike sponsoravtaler og profileringsklede er viktig for at klubben skal stå fram som uniform med eit felles uttrykk. Eksternt handlar det om eit tettare samarbeid med for eksempel forbund, krets, skule, kommunen, politikarar, media, foreldre og andre ressurspersonar. Det er viktig at alt samarbeid internt og eksternt skjer i samsvar med til vårt interne lovverk, som er



basert på basis lovnorm utarbeida av Noregs Idrettsforbund: <http://lindaas-il.idrettenonline.no>

· *Frivillighet*

Dette betyr at Lindås Idrettslag er avhengig av, og bygga på, eit enormt engasjement frå medlemmer, foreldre og andre ressurspersonar. Hovudtanken er at alle kan bidra med noko, og at dette vil ha ein positiv effekt på det sosiale miljøet i klubben. Me verdset og er avhengig av engasjementet blant klubbens medlemmer og foreldre, samtidig som dei frivillige må aksepterer klubbens overordna verdiar, visjon, regelverk og planar. Det forpliktar å vere frivillig i Lindås Idrettslag, samtidig som det skapar glede og fellesskap.

AKTIVITETSVERDIAR:

Sosial

Dette betyr at Lindås Idrettslag skal sikre at alle medlemmer opplever eit fellesskap. Glede og trivsel skal stå i fokus, og det skal vere ein positiv og trygg atmosfære. I Lindås Idrettslag snakkar ein godt til og om kvarandre. Klubben skal ha ein stolt profil i lokalmiljøet. Alle medlemmer skal ha eit tilbod, uansett nivå.

Allsidig

Dette betyr at Lindås Idrettslag skal legge til rette for at klubbens medlemmer kan delta på fleire idrettar og at det samtidig oppfordrast til det. Me skal tilby aktivitetar tilpassa alder og modningsnivå, med den hensikt å behalde flest mogleg lengst mogleg. Lindås idrettslag er eit lag for alle i bygda, og har fokus på samhald, leik og glede. Dette er viktig for at flest mogleg skal ønskje å framhalde i laget. Me oppmodar til samarbeid med andre lag i regionen for vidareutvikling av talentar.

Kvalitet

Dette betyr at Lindås Idrettslag skal ha gode og konkrete sportslege planar med avklart ambisjonsnivå. Lindås Idrettslag er først og fremst ein breddeklubb, og ambisjonsnivå bør vere deretter. Vårt hovudfokus skal vere på aktivitet for alle, og at alle skal ha det gøy. Klubben ønskjer å ha kompetente og engasjerte trenere på kvart årskull, i kvar grein. Det skal leggjast til rette for sportsleg utvikling, og alle trenarar/leiarar skal få moglegheit til opplæring. Alle born blir sett og det er tydeleg kommunikasjon i alle ledd.

1.3 Visjon

Lindås Idrettslag sin visjon:

Lindås Idrettslag – aktivitet med rom og hjarte for heile bygda



Dette er draumen vår og eit bilete av den framtida me ønskjer for klubben. Visjonen fortel kvifor folk er med og gjer ein innsats for akkurat vår klubb. Den seier kva me skal strekke oss etter og skape saman.

1.4 Verksemdsidé

Lindås Idrettslag verksemdsidé er:

Med engasjement og frivilligheit skaper Lindås Idrettslag meistring, glede og sosial tilhøyrse gjennom allsidige aktivitetar i lokalmiljøet.

Det er denne ideen klubben vår i all hovudsak skal arbeide med. Den seier kva me tilbyr som gjer at bygdas innbyggjarar søker til Lindås idrettslag.

Visjonen, verdiane og verksemdsidéen er rettleiande for alle medlemmar, tillitsvalte, trenere og støtteapparatet. Dette er utgangspunktet for det me skal skape saman, korleis me skal stå fram, og kva me skal drive med og ha fokus på av oppgåver.

1.5 Hovudmål

Hovudmålet til Lindås Idrettslag er:

Lindås idrettslag har som oppgåve å gje eit totalt idrettstilbod innanfor dei til ein kvar tid gjeldande økonomiske og treningsmessige moglegheiter.

Dette kan skje gjennom eige arbeid, utvida kontakt med andre lag og organisasjonar i bygda, samt samarbeid med skulen.

Tilbod må leggjast til rette slik at alle kan delta ut frå eigne forutsetningar og behov.

Masseidrett gjennom mosjon i alle aldersgrupper er hovudaktiviteten i klubben vår, samtidig må me leggja forholda til rette for konkurranseaktivitetar innanfor ei forsvarleg økonomisk og idrettsleg ramme.

I alle aktivitetane som laget driv, skal det leggjast vekt på ei sosial, helsefremmande og trivselskapande profil.

Denne målsetninga skal markerast ovanfor politiske myndigheiter

Lindås Idrettslag skal vere eit fleiridrettslag med stort engasjement, godt miljø og lite fråfall i aldersbestemte klasser.



2.0 Organisasjon

I denne delen av handboka beskriver me korleis Lindås Idrettslag er organisert.

Generelt er det viktig med ei riktig arbeidsfordeling som skal ivareta drift og utvikling. Tenk også heile tida på om organisering av klubben er maksimal operativ. Spesielt er det viktig at styrets arbeid og prioriteringar i samband med utvikling er forankra, og at det er kontaktpunkt frå styret og ned gruppene og frå gruppene til dei operative trenarar og vidare til medlemmer. Denne kommunikasjonsvegen er viktig i all arbeidsfordeling og kommunikasjon.

2.1 Organisasjonsplan

Lindås idrettslags organisasjonskart finn ein på nettsida til Lindås Idrettslag;

<http://lindaas-il.idrettenonline.no>

Organisasjonsplan skal vedtakast av årsmøtet. Eventuelle funksjonsbeskrivelser for rollene i organisasjonskartet finnes i dette dokumentets punkt 2.3:«Rollebeskrivelse».

2.2 Årsmøtet

Årsmøtet er klubbens høgste myndigheit og avhaldas årleg innan utgangen av mars månad. Årsmøtets oppgåver er nærmare beskrive i basis lovnorm på LILs nettside. I denne framkjem det og korleis årsmøtet skal kallast inn og avhaldast.

For å ha stemmerett og vere valbar må eit medlem ha fylt 15 år, vært medlem i klubben i minst ein månad og ha betalt kontingent.

Innkalling til årsmøtet blir annonsert på klubbens heimeside og ved oppslag i idrettshallen.

Årsmøtet legger grunnlaget for klubbens verksemd og styrets arbeid. Alle som ønskjer å vere med på å bestemme kva klubben skal gjere, og korleis den skal drivast, bør delta på årsmøtet. Protokollen frå årsmøtet bør leggjast ut på klubbens heimeside, lenkje til tidlegare protokoller frå årsmøter finn ein her;

<http://lindaas-il.idrettenonline.no/p/26719/arsmote>.

Ved innkalling til årsmøtet skal skje i henhold til basis lovnorm.

Sjå også:

lovnorm for idrettslag, om årsmøtet i §§ 13, 14, 15, 16 og 17

2.3 Styret

Styret er klubbens høgste myndigheit mellom årsmøta. Nokre saker kan ikkje styrebehandlast, men må behandlast av årsmøtet. Det gjelder saker som framgår av «Årsmøtets oppgaver» i basis lovnorm, og saker som er av ekstraordinær karakter eller av betydelig omfang i forhold til klubbens størrelse og virksomhet. Dersom styret er i tvil, bør saken opp på årsmøtet.

Styret er vedtaksført når et fleirtal av styrets medlemmer er tilstades. Vedtak blir fatta med fleirtal av dei avgitte stemma. Ved stemmelikhet er møteleiarens stemme avgjerande. Blir det ikkje valt ein møteleiar er leiaren si stemme avgjerande. Styremedlemmane plikter å respektere eit styrevedtak, sjølv om det er fatta mot vedkommande sin eigen stemme.



Det skal alltid føres protokoll fra styremøta, og protokollen skal godkjennes av styremedlemma, normalt på påfølgende styremøte.

Lovpålagte oppgaver for styret:

- Sette i verk årsmøtets og overordna organisasjonsledds regelverk og vedtak
- Sjå til at idrettslagets midlar nyttast og forvaltast på ein forsvarleg måte, i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøtet eller i eit overordna organisasjonsledd, og sørge for at idrettslaget har ein tilfredsstillande organisering av regnskaps- og budsjettfunksjonen, og ein forsvarleg økonomistyring
- Etter behov oppnemne komitear, utval eller personar for spesielle oppgaver og utarbeide mandat/instruks for deira funksjon
- Representere idrettslaget utad
- Oppnemne person som er ansvarlig for politiattester

Andre viktige oppgaver:

- Planleggje og ivareta lagets totale drift, blant anna mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap
- Sjå til at idrettens retningslinjer for aktiviteten i idrettslaget blir følgt
- Stå for idrettslagets daglege leiing
- Ha god kommunikasjon med gruppene og arrangere årlege møter med dei ulike gruppestyra
- Arbeidsgjevaransvar for eventuelle ansatte
- Legge frem innstilling til årsmøtet på kandidatar til valkomité
- Oppnemne to personar som i fellesskap skal disponere idrettslagets konti, og sørge for at de er dekket av underslagsforsikring
- Oppnemne eller engasjere regnskapsfører
- Lage årsberetning frå styret til årsmøtet
- Oppdatering av klubbhandboka, og leggje denne ut på nettsida.
- Følgje og eventuelt revidere vedteke økonomihandbok, og leggje denne ut på nettsida.
- Kommunisere til medlemmer og grupper via nettsida og facebookside, eventuelt sende mail med lenkje til desse.
- Oppfølging av medlemslister, og sikre nødvendig rapportering av medlemsmassen

Styremedlemmer kan veljast til spesifikke oppgaver, som kasserer eller sekretær på årsmøtet, eller styret kan sjølv fordele oppgåvene. Fordelinga av oppgaver bør beskrives på idrettslagets nettsider, for å gjere kontakt info lett tilgjengeleg.

Styrets arbeid:

Styremøter holdes minimum 6 gonger pr år, men innkalles oftere ved behov. Møtene vert holdt i Lindås idrettshall. Møta gjennomføres med godkjenning av referat fra forrige møte, vedtakssaker, orienteringssaker, status årshjul og gjennomgang av aksjonar fra tidlegare møter.



Alle vedtak bør loggførast i eige dokument, for å sikre erfaringsoverføring og eventuelt oppdatere styrende dokumentasjon med dette (klubbhåndbok, sportsplan, økonomihåndbok). Styret skal nytte ein felles plattform for dokumentlagring, slik at dette er lett tilgjengeleg for alle styrets medlemmer til kvar ei tid og at dette er lett å vidareføre til nye styremedlemmer. Før første styremøte etter siste årsmøte skal utgåande styremedlemmar fjernast frå styrets plattform for styrende dokumentasjon, og nye styremedlem skal gjevast full tilgang. Utgåande styremedlem skal gje god opplæring av styremedlem som overtek denne personens rolle.

Styret skal benytte mal for innkalling og protokoll for styremøte, som foreligger på plattform for dokumentlagring.

2.3 Rollebeskrivelsar

2.3.1 Styret

Utgangspunkt for arbeidsfordeling i styret, Lindås idrettslag:

Leiar

- Er klubbens ansikt utad og klubbens representant i møter og forhandlinger
- Står for klubbens daglege leiing og koordinerer styrets og klubbens totale aktivitet
- Forbereder saker til styremøte og er møteleiar.
- Idrettsregistreringa
- Mål- og strategiarbeidet i klubben

Nestleiar

- Er stedfortredar for leiar
- Ansvarleg for politiattestordninga
- Elles definerte oppgåver, på same måte som eit ordinært styremedlem

Kasserer:

Kasserers rolle er beskrivet i dette dokumentets punkt 2.3.2.1. Kasserer oppdater og arbeider i henhold til økonomihåndbok.

Skrivar:

- Føre referat og innkalling over alle styremøter og medlemsmøter, distribuere dette til styremedlemmer.
- Lage møteplan i samarbeid med heile styret og distribuere denne til alle styremedlemmer
- Ha oversikt over organisering i styrets lagringsplattform
- Elles definerte oppgåver, på same måte som eit ordinært styremedlem

Medlemsansvarleg.

- Ha kontakt med medlemsansvarleg i gruppene og sørge for oppdaterte medlemslister. Kommunisere tydeleg at alle lag bør jamnleg kontrollere at



medlemslister og medlemmers e-post adresser er riktig, for at fakturering skal bli rett.

- Fakturere medlemskontingent til alle medlemmer og treningsavgift til mindre grupper, etter avtale. Følgje opp manglande betaling med purring.
- Ved purring kan ein informere medlemmer som ikkje betaler medlemskontingent om at dei då ikkje er forsikra av Lindås Idrettslag.
- Eventuelle purringar på manglande innbetaling kan skje utanom registreringsplattform – for å sikre at meldinga er motteken og rett e-post adressa er nytta.

Sponsoransvarleg:

- Arbeide i henhold til dette dokumentets 5.0: «Sponsornemnd»

Andre oppgåver som fordeles blant styrets medlemmer

- Ta seg av inngående og utgåande post, og eventuell arkivering
- Ha oversikt over idrettslagets grupper og verv
- Oppdatere idrettslagets heimeside, og distribuere kunnskap til gruppene om korleis dei sjølv kan halde sine sider oppdatert.
- Holde gruppemøter med gruppene årleg
- Arbeide i henhold til årshjul
- Halde klubbhandbok og årshjul oppdatert
- Dugnadsansvarleg – koordinere dugnadsarbeidet med gruppene

2.3.2 Lovpålagte roller

2.3.2.1 Politiattest

Det skal jobbast kontinuerleg med å få inn politiattestar, ref. dette dokumentets punkt 9.4. Dette skal dokumenterast i styrets arbeidsplattform.

2.3.2.1 Kasserer:

- Vervet utnevnes ved konstituering av nytt styre
- Disponerer lagets midler og har fullmakt til klubbens bankkontoer
- Anviser utbetalinger sammen med leder
- Ha totaloversikt over økonomi, og videreformidle denne til styret på styremøter.
- Har til kvar ei tid oversikt over lagets økonomiske situasjon og følger opp denne
- Jobbe etter økonomihandbok og revidere denne ved behov
- Samarbeide med kasserer i gruppene, og eventuelt ha kassereransvar for mindre grupper som ikkje har eigen kasserer
- Bidra til budsjett og sette opp resultatregnskap ved sesongslutt og påser at dette blir revidert til årsmøtet.
- Utarbeide halvårleg økonomirapport til framlegging for styret
- Samarbeide med rekneskapsfører



- Ha god oversikt over bilag, med elektronisk lagring av desse i styrets lagringsverktøy.
- Jobbe for å ha gode og effektive system for fakturering, slik at me minimerer fakturering - og betalingstid.

Styret kan vedta å sette vekk heile, eller deler av, funksjonen som kasserer til et godkjent regnskapsfirma.

2.3.3 Styreutnevnte verv

Innkjøpsansvarlig kiosk / Ansvarleg for hallvert og kioskansvarlg

Denne personen treng ikkje vere tilknytt styret. Dette for å fordele arbeidsmengden i styret. Eksempel på samarbeidsavtale er vedlagt i vedlegg 1. Denne bør signerer årleg, etter første styremøte etter årsmøtet. Vervet kan kompenseres ved et forråndsavtalt beløp, godkjent av styret og i henhold til årsmøtets bestemmelser.

2.3.4 Utval/komitear

Idrettslaget er lovpålagt å ha valkomité og valt revisor . Mandat og oppgaver går frem av Basis lovnorm.

For dei styreoppnemnte utvala bør ansvar og hovedoppgåver for utvala beskrives av styret sjølv, når styret vedtar å opprette utval. Beskrivelsen bør inneholde korleis utvalget/komiteen er bygd opp, og kva mandat og oppgaver utvalget/komiteen har.

2.3.4.1 Valkomiteen

Valkomiteen bør starte sitt arbeid med å leite etter styremedlemmer før årets utgang, for å sikre godt rekrutteringsgrunnlag til årsmøtet. Styret skal ikkje påverke valkomiteens framlegg. Mandat og oppgaver går frem av klubbens lov; [basis lovnorm](#).

Valkomiteen har ein av klubbens viktigaste oppgaver. Den har ansvaret for funksjonell utvikling av klubben ved å rekruttere nye styremedlemmer/-medarbeidarar etter nøye vurderingar av medlemsmassen.

Valkomiteen pliktar:

- Diskutere med styret om eventuelle endringer i styrets sammensetning
- Halde seg informert om, og diskutere med, medlemmene om ulike kandidater for styreoppdrag.
- Gjennomgå for medlemmene forslag til nytt styre på årsmøtet
- Ved behov; foreslå for styret at passande kandidatar får relevant utdanning for påtenkte oppdrag

2.3.4.2 Andre roller som kan beskrives ved behov;

- Utdanningsansvarlig/utval
- Revisorer og kontrollkomiteen



- Anleggsansvarlig/utval
- Sportslig ansvarlig/utval

2.4 Ansatte

Det er styret i Lindås idrettslag som har arbeidsgjevaransvaret for evt. ansatte i klubben. Dette ansvaret kan delegerast til eit av styremedlemma. Lindås idrettslag har per i dag ingen fast ansatte. I periodar nyttar idrettslaget midlertidig ansatte, då skal midlertidig ansettelsavtale inngåast.

Les meir:

[Mal for midlertidig ansettelsesavtale fra NIF](#)

[Veiledning om klubben som arbeidsgiver fra NIF](#)

[Brosjyre fra Skatteetaten: Arbeidstaker eller næringsdrivende](#)

2.5 Honorar

For å kunne sikre god rekruttering til nøkkelposisjonar er det vedteke at enkelte verv kan honorerast ved behov. Ein ser at rekruttering kan vere vanskeleg, og meiner at honorering er eit verkemiddel som kan vere formålstenleg.

Lindås idrettslag er, som verdiane våre tilseier, eit idrettslag som er avhengig av frivilligheit. Samtidig ser ein at nokre verv inneber eit større juridisk ansvar, eller tidskrevjande oppgåver, som skal utførast av personar der ein ønsker spesiell kompetanse eller/og som elles også har andre frivillige verv. For å få solid rekruttering av kompetente personar i eit lite miljø, meiner me at honorering av nøkkelposisjonar kan forsvarast for å oppretthalde eit godt tilbod.

Årsmøtet har i 2015 vedteke at følgande honorar på totalt kr 120 000/år kan distribuerast av styret:

- Styrehonorar er max kr 45 000 pr person i styret, og totalt for styret kr 90 000.
- Ordinært honorar er max kr 10 000 pr person utanom styret, og totalt kr 30 000.

3.0 Klubbens lov

Lindås idrettslags lov er basert på lovnorm for idrettslag, som finnes på NIFs heimeside. Lovnormen er ufråvikeleg og inneheldt eit minimum av det idrettslaget må ha i sin egen lov. Klubben kan vedta tillegg til loven, men tilleggga må ikkje vere i strid med lovnormen. Alle lovendringar må vedtakast av årsmøtet og godkjennes av idrettskretsen.

Klubbens lov finnes på våre nettsider.



4.0 Medlemskap

Ved innmelding skal medlemmene fylle ut eit skjema med navn, fødselsdato, adresse, e-postadresse og telefonnummer. Navn og kontaktinformasjon til føresatte skal oppgjevast. Innmeldingsskjema finnes også via vår nettside.

Alle medlemmer har ei eigen personleg idrettsside på «Min Idrett». Denne personlege sida må kvart enkelt medlem aktivere før den kan nyttast. Her kan du som medlem, utøver, tillitsvalt eller administrativt ansatt melde deg på arrangement og kurs, endre dine egne personopplysningar, finne informasjon knytt til lisensinnbetaling, dine kommande aktivitetar og andre funksjoner og tenester som kan vere aktuelle og interessante for deg. Ein kan og knytte opp familiemedlemmar til eigen profil. Nokre medlemmer kan oppleve at ein har fleire brukarar, dette kan føre til problem med bruk av min idrett. Ein må da kontakte NIF for å få ordne opp i sine brukarar.

- Alle medlemmer skal betale årleg medlemskontingent til Lindås idrettslag.
- Det er særst viktig at medlemmene betaler medlemskontingent, både for å oppretthalde ei god drift av laget og gruppa- men også fordi medlemskontingenten inneheldt ei forsikring, som både utøvar og lag er gjensidig avhengig av ved skade.
- Når ein vil bli medlem i ein klubb, kan ein ikkje ha uoppgjorte rekningar hos ein anna klubb.
- Alle som har betalt medlemskontingent i klubben, er medlemmer. Med "medlem" menes personer som er registrert i idrettslagets medlemsregister og har oppfylt sine forpliktelsar ovenfor idrettslaget. Medlemskap er først gyldig og regnes fra den dag første kontingent er betalt. Kvar person skal kun telles ein gong i idrettslaget, uansett kor mange av idrettslaget aktiviteter vedkommende deltek i.
- Medlemskapet i idrettslaget kan opphøre ved utmelding, strykning eller eksklusjon. Utmelding skal skje skriftleg og får virkning når den er motteken.
- Eit medlem som skylder kontingent for mer enn to år, kan strykes.
- Dersom medlemmet skylder kontingent etter forfalt to års kontingent, kan medlemskapet bringes til opphør ved strykning frå idrettslagets side.
- Dersom idrettslaget vurderer ekskludering av eit medlem, må det ta kontakt med idrettskretsen. Der finnes egne prosedyrar for ekskludering

4.1 Medlemskontingent og treningsavgift

Årsmøtet har i 2019 vedteke at treningsavgift og medlemskontingent samlast, med fakturering tilsvarande tabell 1 under.

Medlemskontingenten fastsettast av årsmøtet. Kontingenten skal betalast for kvart enkelt medlem. Klubben kan vedta ulike typar kontingentar, for eksempel for born, ungdom og vaksne. Fordelen med ei slik ordning er forenkling av administrasjon, samt at det kan motivere til å delta i fleire grupper. Man kan også vedta ein familiekontingent i klubben, som ein rabattordning, sistnevnte er ikkje praksis i dag – blant annet fordi dette kompliserer administrasjon av medlemskap.



Pakkepris – medlemskontingent og treningsavgift	Pris
Æresmedlem, dersom ikkje aktiv i gruppe	kr 100,00
Æresmedlem, dersom medlem i ei gruppe - rabatt	Kr 150
Støttemedlem	Kr 220
Verv/trenar/lagleiar, dersom ikkje aktiv i gruppe	kr 100,00
Verv/trenar/lagleiar, dersom medlem i ei gruppe - rabatt	Kr 150
Idrettskule 0-5 år	kr 100,00
Barn 6-12 år	kr 700,00
Ungdom 13-19 år	kr 900,00
Senior	kr 1 100,00

Alle medlemmer skal registreres med navn, fødselsdato, adresse og e-postadresse, siden revisoren skal kontrollere medlemslistene mot regnskapet.

Alle som påtar seg tillitsverv i klubben (trenar, lagleiar, styremedlem osv.), må være medlem av klubben eller være underlagt idrettens regelverk gjennom ein avtale. Dette er bestemt av Norges Idrettsforbund (NIF). NIF har også vedtatt eit minstekrav for kontingent.

Mange lag i Lindås Idrettslag vel å kompensere sine verv med ei gåve, gjerne i form av gavekort på Atleten eller liknande som ei påskønning for innsats. Dette er det opp til gruppa å bestemme.

Faktura sendes ut innen 15. desember.
Første purring 30 dager etter forfall.

Andre avgifter/egenandeler kan kreves for deltakelse i lagets aktivitetstilbud. Det kan vere treningsavgifter for de ulike aktivitetene, inngangspenger ved arrangementer eller egenandeler i forbindelse med deltakelse i konkurranser og på kurs. Slike avgifter trenger ikkje årsmøtevedtak.

4.2 Startkontingenter – deltakeravgifter

Deltaking i konkurranser krev startkontingent. I individuelle idrettar er det som oftast slik at startkontingenten påløper for kvar konkurranse. Det er varierende praksis for korleis slike avgifter blir betalt.

Ved deltakelse i lagidrett kreves det lagsavgifter. Den enkelte utøvars avgifter i lagidrett er vanlegvis dekkja inn gjennom treningsavgifta.

5.0 Reklame/sponsoravtaler

Alle sponsoravtaler skal godkjennes av styret, ei gruppe kan ikkje inngå eigne avtaler utan godkjenning fra styret.

Eigne avtaler med hovedsponsorer bestemmer kva logoer som skal trykkes på overtrekksdraktene. Andre sponsorer får tilbud om profilering ved bruk av skilt på idrettslaget sine anlegg, eler kan profilerast på spelardrakter.



Lindås IL er driven ved frivillighet og dugnad, og er i tillegg til tilskudd fra det offentlige, avhengig av økonomisk støtte fra det private næringsliv. Disse retningslinjene beskriver korleis sponsorarbeidet i Lindås IL skal utøvast, slik at laget opptrer og oppfattast som ryddig og seriøst generelt, og blant sponsorer og andre bidragsyttere spesielt.

All sponsorverksemd skal avklarast med styret på forhånd, for å sikre at me heldt oss innan reglar for momskompensasjon. Økonomihandboka skal følgast også i handtering av sponsorar.

5.1 Sponsornemnd

5.1.1 Beskrivelse og ansvar

Ingen skal opptre utad utan at dette er klarert og godkjent av styret i Lindås IL. Sponsornemnda foreligger planer og enkeltsaker for godkjenning i styret.

Sponsornemnda har då rett til uforpliktande å forhandle fram avtaler og utarbeide desse. Endeleg avtale skal legges fram for laget v/styret for godkjenning og signering.

Sponsornemnda skal varsle sine partar/leverandørar om dette kravet.

Lindås IL har etablert ei sponsornemnd under styret. Leder for Sponsornemnda er ansvarlig for å lede sponsorarbeidet sammen med nestleiar styret i Lindås IL.

Gjeldende regelverk i basis lovnorm §-19, pkt. 20

Sponsornemnda skal koordinere sponsorarbeidet i LIL. Nemnda skal bestå av 3-5 personer. Disse skal minimum være:

Leiar Sponsornemnd
Nestleiar Hovedstyret
1 representant fra fotballgruppa
1 representant fra håndballgruppa

I tillegg til den faste sammensetninga kan nemnda benytte seg av eksterne ressurser dersom dette er formålsteneleg.

5.1.2 Metode

Nemnda skal i samarbeid danne seg ein oversikt av markedet, og ved hjelp av tidlegare utført arbeid og inngåtte avtaler, legge ein plan for henvendelser til potensielle sponsoar. Nemnda skal møtes jevnlig.

All utfakturering skal gå gjennom Hovedstyrets faktureringsystem. Hovedstyret budsjetterer og fordeler iht dette dokument.



Gruppene får overført beløpene for avtalene dei sjølv har jobba fram når innbetaling er motteke.

5.1.3 Avtaledokument

Ved inngåelse av sponsoravtale skal det utstedes eit avtaledokument som skal godkjennes av styret og signeres av styret ved signaturansvarlige.

Avtaledokumentet skal signeres av motpart etter godkjenning frå styret. Partene beholder hvert sitt eksemplar.

Avtaledokumenta skal arkiveres av sponsorgruppa, og i tillegg ligge som vedlegg til utsendte fakturaer.

5.1.4 Fordeling av midlar

Dersom ikkje sponsor har satt betingelser skal sponsormidlene fordeles etter følgende fordelingsnøkkel:

- Inntekter av arenareklame: disponeres av styret og skal gå til vedlikehold og opprustning av arena og tilhørende utstyr, men styret kan vedta andre bevilgninger dersom det er relevant.
